

Planinitiativ - Gatebruksplan for Osøyro

Stadnamn og GNR/BNR:	Osøyro 52/22 m.fl.	
Plantype:	<input type="checkbox"/> Detaljreguleringsplan <input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan <input checked="" type="checkbox"/> Temaplan	
Planlagd føremål:	Utarbeide Gatebruksplan i tråd med sentrumsplan for Osøyro.	
Særleg aktuelle tema for diskusjon:		
Framlegg til plannamn:	Gatebruksplan for Osøyro	
Prosjekteigar (skal alltid møte)	Namn/firma, organisasjonsnummer	Bjørnafjorden kommune
	Telefon /e-post	902 74 197/ tonkri@bjornafjorden.kommune.no
		905 81 213/ verols@bjornafjorden.kommune.no
Evt. andre som stiller på møtet (namn/funksjon)	Plan- og byggesakssjef - Idar Landro Fagsjef plan - Kaisa Tonheim Banne	

Planinitiativ

Planinitiativet er laga spesielt for gatebruksplanen. Dette betyr at den bygger på same prinsipp som eit planinitiativ etter plan- og bygningslova, men det er tilpassa spesielt til denne planen. Grunnen til dette er fordi gatebruksplanen blir utarbeida som ein temaplan, og det er difor ikkje formelle krav som ved ein vanleg planprosess ved private detaljplanar.

Ein temaplan har som hensikt å følgje opp enkelte tema og konkretisere oppfølging av kommuneplan eller andre særskilte planbehov. Temaplanen skal nyttast til å avklare naudsynte prioriteringar, strategiar og framtidige vegval for Osøyro. Likevel er det ønskjeleg å nytte same planprosess ved denne temaplanen som det er ved detaljplan etter plan- og bygningslova, med enkelte tilpassingar.

1. Kva er føremålet med planen?

Føremålet med gatebruksplanen er å lage eit overordna dokument for fysisk utforming av trygge og attraktive torg, byrom, parkrom og gater i sentrum. Dette inneber mellom anna berekraftig stadutvikling, naturmangfald i sentrum, gode trivsels- og aktivitetsområde. I tillegg vil gatebruksplanen gå innpå korleis ein kan handtere overvatn i sentrum. Det overordna målet med planen er at sentrum skal vere ein destinasjon.

Bakgrunn for gatebruksplan er krav sett i områderegeringsplan for Osøyro, sentrumsplanen. I sentrumsplanen kjem det fram at det skal utarbeidast gatebruksplan med følgande innhald:


- Heilskapleg plan for bruk og tilrettelegging i dei ulike areala med særleg fokus på tilrettelegging for born, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- Materialbruk og- kvalitet dekker offentlege torg, parkar, gangveggar og-, gatetun.
- Plantning og samanhengande grønstruktur i offentlege torg, gater og langs fortau.
- Belysning av bygg og offentlege torg, parkar, leikeplassar mm.
- Varelevering.
- Lokalisering og berekning av areal til renovasjonsplassar og returpunkt
- Retningslinjer for plassering av reklameskilt og liknande. På offentleg fortau/gatetun
- Føringsveggar for overvatn

For å følgje dette opp skal det lagast ein gatebruksplan. Denne planen vil bli utforma som ein temaplan. Det vil bli utarbeida konkrete tiltak for prioritering av mjuke trafikantar i sentrum, men planen vil og fungere som ei konkret rettleiing til mellom anna møblering, materialval og bevegelsesmønster. Gatebruksplanen vil sjå heile sentrum under eitt, med fleire innfallsvinklar då det er fleire tema som må greiast ut og organiserast.

Gatebruksplan skal fungere som eit styringsverktøy i utviklinga av Osøyro. Planen skal vere med på å gjera det attraktivt å opphalde seg og bu i sentrum. Målet med planen er å få eit samanhengande Osøyro, knyte bygda endå tettare saman, og skapa ei sterkare tilhøyrse til sentrum.

2. Gjer greie for planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet

Planområdet er lokalisert i kjernen av Osøyro og blir naturleg avgrensa av geografien. Grensa følgjer elva langs aust og deler av sørsida. I nord er grensa sett slik at ungdomsskulen og barneskulen er inkludert. I vest er grensa sett for å innlemme framtidig kollektivterminal og fjellhall då dette vil bli viktige ganglinjer til sentrum. I sør omgir grensa vognhallen. I tillegg er Irisgården på austsida av elva tatt med då dette kan blir eit viktig sentrumsområde i framtida. Se figur 1 for avgrensing til gatebruksplanen.




Figur 1: Avgrensing gatebruksplan for Osøyro

Ein kan sjå kart over planområdet i figur 2. På figur 3 kan ein sjå same avgrensing med områdeplan for Osøyro.



Figur 2: Planområdet med dagens Osøyro



Figur 3: Avgrensinga med sentrumsplanen (områdeplan for Osøyro)

Gatebruksplanen gjeld hovudsakleg avgrensinga, men då dei fleste bur utanfor sentrum er områda rundt like viktig for eit heilskapleg Osøyro.

Dagens struktur på Osøyro er sterkt prega av bilbaserte gjeremål, noko som fører med seg mykje areal til parkering. I tillegg ligg rådhuset som eit stort byggverk midt i sentrum. Dette er med på å gjere dagens sentrum uoversiktleg og tidvis uattraktivt. I ein gatebruksplan vil ein sjå nærmare på korleis ein kan betre samspelet mellom gater, bygg og menneske på Osøyro. Dette kan løysast ved tiltak i ein meir menneskeleg skala og forbetre sentrumskjernen ved å til dømes å minimere biltrafikk, utan å fjerne den, og legge meir til rette for at menneske kan opphalda seg der.

Viktige moment med Osøyro er nærleik til fjorden, elva, og det historiske preget bygda innehar. Dette er viktig å vidareføre og få fram endå tydelegare i dagens sentrum. Identitetsskaping vil vere viktig i arbeidet med gatebruksplanen for å betre samhaldet og i oppbygninga av framtidens sentrum.

Viktige rapportar som har blitt utarbeida for Osøyro, og som vil få betydning for gatebruksplanen er:

- Seniortråkk Os sentrum og omland
- Barnetråkk Os sentrum
- Stadsanalyse og moglegheitsstudie av Os sentrum
- Sykkelstrategi for Os
- Barnefamiljar i sentrum
- Flaumvurdering av Oselva

I arbeidet med gatebruksplanen vil det også bli utarbeida nye rapportar for å danne eit endå betre kunnskapsgrunnlag. Dette vil mellom anna vere kartleggingar av parkering, tomme butikklokale og brukarvennlegheit av sentrum.

3. Gjer greie for planlagde bygg, anlegg og andre tiltak

Dagens sentrum i Osøyro er i stor grad utbygd. Det er difor redusert moglegheit til å tilføre noko nytt i form av bygde tiltak. Gatebruksplanen vil difor jobbe med element som gir god opplevingsverdi og gode visuelle kvalitetar. Dette vil til dømes vere planting, møblering og materialval.

4. Funksjonelle og miljømessige kvalitetar

Gatebruksplanen har som ambisjon å betre sentrum sine fysiske kvalitetar for mjuke trafikantar og gi desse brukarane ein auka opplevingsverdi. Planen skal også betra tilgjengelegheita for menneske med nedsett syn og redusert forflyttingsevne.

Dagens situasjon for Os sentrum er prega av trafikk og støy. Gatebruksplanen vil jobbe aktivt for å forbetre dette med rammene sett i sentrumsplanen og gjennom andre politiske vedtak.

For å lette på trafikkstøy i sentrum vil gatebruksplanen nytta seg av planter som ein naturleg støyskjerm. Plantene vil og vere med på å gjere sentrum til ein triveleg stad å opphalde seg for både menneske og dyr.

Osøyro er ein stad som er utsett for klima kor sterk vind kjem seilande frå fjorden. Her vil ein kunne nytta planter og trær som skjerm for klima. Planting i sentrum vil også underbygge ønskje om eit sunt byrom, gi visuelle kvalitetar og bidra positivt til folkehelsa.

Klima er i forandring og det er venta store utfordringar knytt til dette. Det vil kome meir ekstremnedbør og vind i framtida. For å førebu seg på dette vil gatebruksplanen ta føre seg handtering av flaum og overvatn, med fokus på naturlege løysingar.

5. Gjer greie for tiltaket si verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Osøyro er ein stad med lang historie og verdifulle kulturminne. Dette skal bli ivareteken i planen. Det vil bli oppretta ein dialog med kultureininga i kommunen og sektormynde ved behov.

Gatebruksplanen vil jobbe ut i frå dette og underbygge identiteten til bygda. Dette for å styrka stadsidentiteten og for at innbyggjarane skal kjenne seg knytt til sentrum.

Osøyro er i stor grad byggja ut, kor gatemønsteret er utforma etter bygningsmassen. På grunn av dette må planen tilpasse seg det som allereie eksisterer. Gatebruksplanen vil ha ein positiv innverknad på planområdet og gi gode ringverknader for områda rundt.

6. Gjer greie for tilhøve til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og områdeplanar, retningslinjer og pågåande planarbeid

Gatebruksplanen er eit krav i Områdeplan for Osøyro, sentrumsplanen. Dette er ein pågåande prosess kor planen endå ikkje er politisk vedtatt. Likevel er rammene for planen allereie sett og krav til utforming av gatebruksplanen er fastsett.

7. Aktuelle offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart

- NVE
- Statsforvaltaren i Vestland
- Statens Vegvesen
- BIR
- BKK
- Vestland fylkeskommune
- Avdelingar i kommunen
- Naboar og andre råka partar

8. Prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre

Det vil vere ein ordinær medverknadsprosess for å sikre minstekrav i lova. I tillegg vil det bli tilrettelagt medverknad for å skape engasjement blant barn og unge, men også for politisk medverknad. Desse prosessane vil skje løypande med utforming av gatebruksplanen og når planen er på høyring slik at tilbakemelding kjem på rett tidspunkt i prosessen.

Det vil vere intern medverknad i kommunen med både fagpersonar, og einingar ein ser det er naudsynt å ha ein dialog med. Det skal bli oppretta ei ressursgruppe internt i kommunen for å sikre direkte kommunikasjon.

Det er tenkt å ha fleire arrangement og midlertidige byrom for å skapa engasjement blant lokalbefolkninga og kome i snakk med menneska som bruker område dagleg. Dette vil fungere som eit verkemiddel for medverknad.